



DEN NORSKE KYRKJA

Fjærland sokneråd

Fjærland 19.04.21

Referat frå møte i Fjærland sokneråd

Møtedato: 14.04.21

Møtetid: 1700-1900

Møtestad: Fjærland kyrkje

Tilstades: Siv Jane Rauboti, Sverre Mundal, Hilde Supphellen, Kari Bøyum Skeide, Nils Distad, Mikael Bruun, Berit Orheim

Mikael innleia med andakt over komande sundagstekst frå Johs 10.

Referat frå førre møte, samt innkalling godkjend

Referat:

Sak 21/21 Brannvern

Vedtak:

Rutineperm for kyrkjetenar bør reviderast. Soknerådet er kjend med kor sløkkeutstyr er plassert, men ikkje kjend med bruken av sløkkingsapparata. Sidan kyrkja står for tur til å få lynvernanslegg, ønskjer soknerådet at det blir vurdert også å få direktealarm til brannvesenet, alternativt utvendig alarm. Kyrkja har berre røykvarslarar i dag.

Sak 22/21 Fasteaksjonen

Vedtak:

Konfirmantane skal fortsatt vere aktive i Fasteaksjonen. For neste år rår vi til at dei sender ut meldingar digitalt til familie og kjende som i år, og legg ut lappar i alle postkassane med nødvendige opplysningar om aksjonen.

Sak 23/21 Soknemøte/menighetsmøte

Vedtak:

Vi har andakt m. nattverd og årsmøte 21/4 kl 1600. Sosialt samvær med enkel bevertning etterpå. Kunngjerast på Fjærland 2021 og med lappar i postkassane.

Sak 24/21 Samtalegudsteneste og konfirmasjon

Vedtak:

Samtalegudsteneste 25/4 kl 1100. Høgtidsgudsteneste med konfirmasjon for ein av konfirmantane 23/5. Dei andre konfirmantane har si gudsteneste 11/9.

Sak 25/21 Dugnad på kyrkjegarden

Vedtak:

Vi held på 11/5 med dugnad frå kl 1600. Ikkje felles måltid. Melding om dugnaden via postkassane og Fjærland 2021. Vanlege oppgåver. Rydding i kjellaren må skje på "Simas-dagen" 26/4.

Sak 26/21 Halvårsplanen

Vedtak:

Tillegg: Gudsteneste 6/6 kl 1500 i samband med årsmøtet til Fråhaldsrørsla. Friluftsgudstenesta blir 25/7 kl 1500 bak Bremuseet. Sjå i Halvårsplanen for oppgåvefordeling

Sak 27/21 Rutinar

Vedtak:

Rutinane godkjend, men e-post adressa til Siv Jane må rettast. Fordeling av oppgåver/frivillige blir sett opp når pandemien ikkje lenger avgjer omfanget av aktivitetar.

Sak 28/21 Oppfølging av brev frå biskopen 26. mai 2020 om revisjon av lokal gudstenesteordning, oppfølging av sokneråds kurs og krafttak for misjon

Vedtak:

Mikael har søkt prostens om ny utsett frist då pandemien har gjort oppfølgingsarbeidet vanskeleg.

Sak 29/21 Ymse

*** Innspel frå Bokbyen om arrangement med biskop Veiteberg og forfattar Jorunn Veiteberg i samband med Boknatta**

Vedtak: Soknerådet kan stå som arrangør saman med Bokbyen, men ønskjer meir avklaring av økonomiske forhold før vi seier ja.

*** Behov for fleire som kan stå for klokking**

Vedtak:

Soknerådet må finne fram til personar som kan ta på seg klokking dersom kyrkjetenar ikkje kan stille.

*** Tømming av septiktankar**

Vedtak:

Vi held fram med tømming annakvart år som no.

Sak 30/21 Orienteringssaker (ingen)

Neste møte: 2/6 kl 2000 i kyrkja

For Fjærland sokneråd
Berit Orheim
- skrivar